

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS)

OKOS er ein nettverksorganisasjon som, i samarbeid med medlemsbedriftene sine, legg til rette for formell opplæring for tilsette med mål om å oppnå fagbrev innan relevante fagområde.

OKOS søker:

DAGLEG LEIAR

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for å leie og vidareutvikle det faglege og administrative arbeidet ved kontoret. Rolla inneber tett samarbeid med styret, faglege leiarar og HR-avdelingane i medlemsverksemdene.

Stillinga er ledig frå 1. januar 2026.

Arbeidsoppgåver:

- Bidra til kvalitet i opplæringa hos bedriftsmedlemmane
- Sørge for at opplæring skjer i samsvar med læreplanar
- Samarbeide med eksterne kompetanseleverandørar og andre opplæringskontor
- Ha ansvar for og vidareutvikle eigne Erasmus+-program
- Planleggje, gjennomføre og kvalitetssikre eigne opplæringstiltak
- Drive rekrutteringsarbeid i samsvar med overordna mål
- Bidra til å løyse konflikhtar som måtte oppstå under læreforholdet
- Ivareta kvalitetsutvikling og rapportering til fylkeskommunen

Kvalifikasjonar:

- Høgskuleutdanning innan helse eller oppvekst
- Pedagogisk utdanning eller tilsvarende kompetanse
- Relevant leiarutdanning eller praksis
- Kjennskap til fagopplæring, rekneskap/budsjett og styrearbeid

Personlege eigenskapar:

- Gode samarbeidsevner, relasjonsbyggjar og lagspelar
- Strukturert, sjølvstendig og løysingsorientert

OKOS held til i moderne lokale i Concord-bygget i Førde, saman med fleire andre opplæringskontor.

Spørsmål? Ta gjerne kontakt med styreleiar Anne Kristin Førde på telefon 991 69 091 eller dagleg leiar Hans-Børge Lillehaug på telefon 906 17 979. Sjå også www.okosweb.no

Søknadsfrist: 10. juni, Sendast til: OKOS, Firdavegen 6, 6800 Førde



**OPPLÆRINGS-
KONTOR ET**

FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE